

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 05.04.2017

Møte den 05.04.17 var eit arbeidsmøte der rådsmedlemmane arbeide med forslag til uttale til RTP Hordaland 2018-29 og forslag til Temaplan: «Likeverd i Hordaland fylkeskommune».

Kjell Søvik og Harald Nordheim hadde utarbeid forslag til høyringsuttale som vart framlagt og jobba med i møtet. Inge Fiskvik hadde utarbeid forslag til høyringsuttale som vart framlagt og jobba med i møtet.

1. Evaluering av Temadagen 27.03.17:

Flinke forelesarar. Bra gjennomført.

Svakheiter: Invitasjonen nådde ikkje fram til alle. Meir «spissa tema» til neste år.

2. Nina Murberg hadde ynskje om at temaet spesialundervisning og utfall av spesialundervisning skulle vere eit tema på neste møte i RMNF.

Vedtak: Sak på neste møte i rådet.

3. Kjell Søvik sette fram fylgjande forslag:

«For astmatikarar og folk med allergiar, er det eit stort problem med røyking på haldeplassar, både for buss og bane. Kan rådet påvirke politikarane til å vedta røykeforbud i venteskur»

Vedtak: Sak på neste RMNF møte.

4. Solbjørg H. K. Marjala sette fram fylgjande forslag:

«På bakgrunn av oppslag i media om flytting av Kyrre skole frå Øvregaten til Danmarks plass ber rådet om å få en orientering av saken samt en befaring av de nye lokalene».

Vedtak: Sak på neste RMNF møte.

5. Kjell Søvik nemnde mail frå Tollak Hjelmervik «Eldre døve som blir tilsidesatt i kommuner i Hordaland». Sak i media der det går fram at eldre døve som treng sjukeheim vert plassert i institusjon der ingen kan tegnspråk. Dette er ei sak for dei kommunale råda.

Harald Nordheim fekk ja på spørsmål om dekning av utgifter til overnatting mellom dagane på Deltakonferansen på hotell Ørnen den 08.05.17 til 09.05.17.

Neste møte i RMNF er Onsdag den 24.05.17 kl. 9.00

Det vert teke kontakt med mobbeombod Mari Christine Morberg og psykologspesialist Haldis Alsaker med tanke på ei orientering på neste møte.